



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/26	Utval for samfunnsutvikling	27.08.2026
109/26	Formannskapet	03.09.2026
067/26	Kommunestyret	10.09.2026

Framlegg til forskrift om opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stryn kommune

Bakgrunn for saka:

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) vart vedteken i Stortinget 2. juni 2025, og tok til å gjelde 1. juli 2026. Viltressursloven erstattar viltloven frå 1981.

Den nye lova forbyr bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§26). Dette har vore lovleg å nytte til jakt før den nye lova blei gjeldande.

Forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 29a opnar likevel for at kommunen i forskrift kan opne for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort. For at kommunen skal kunne opne for bruk av slike siktemiddel til jakt på hjort, må det vere for å avverje skade på natur- eller samfunnsinteresser.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven). LOV-2025-06-20-102

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Høyringsuttale - termisk hjortejakt i Stryn kommune 2026.	1734070
Stryn hjorteutval	
Hoyringsuttale_termiske_siktemiddel_Stryn_kommune.	1734071
Stryn ettersøkslag	
Høyning - Forskrift om opning for bruk av restlysførsterkande	1734072

og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stryn kommune	
Høyring: Forskrift om om opning for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stryn kommune	1734073
Forskrift om bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Stryn kommune –	1734074
Adm Fagnettverk viltforvaltarar_Høyringsuttale viltforskrifter heimla i ny viltressurslova	1734075
Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet	1734076
Veileder for fastsettelse av lokal forskrift for åpning for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemidler til jakt på hjort	1734241
Forvaltningsplan for hjort i Stryn kommune 2022-2030	1734246

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta, sjå <https://lovdata.no/LTI/forskrift/2026-06-26-1380>. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye Viltressurslova skulle tre i kraft 01.07.2026. I den nye viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26). Ei av endringane i jaktutøvingsforskrifta er at kommunane har fått heimel til å fastsetje forskrift som vidareføre restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng (§ 29a., 4. ledd).

Stryn kommune la ut forskrift om opning for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Stryn ute på høyring 10.juli 2026. Høyringsfristen er fredag 21.august, og det er per dags dato kome to innspel. Begge innspela er positive til forskrifta (sjå vedlegg).

Landbruksdirektoratets rettleiar for fastsetjing av forskrift for opning for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel

Landbruksdirektoratet har utarbeidd ein rettleiar, for fastsetjing av forskrift for opning for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel, sjå vedlegg. Det vert der slått fast at ei eventuell forskrift må gjelde for heile kommunen. Vidare vart det lagt vekt på at ei forskrift om bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel føreset at det ligg føre kommunalt måldokument med mål for ønska bestandsutvikling. Direktoratet legg også til grunn at det må ligge føre mål om å avverge alvorleg skade.

Rettleiaren gjer grei for kva vurderingar som vil vere relevante ved vurdering av kva som vert å rekne som alvorleg skade. Følgjande hovudpunkt vert nemnt:

1. Bestandstettleik: Er hjortebestanden høg og/eller aukande?
2. Bestandsmessige tilhøve: Kva er status m.o.t. slaktevektar og kjønns- og alderssamansetjing?
3. Jordbruk: medfører hjortebestanden tap for jordbruksnæringa?
4. Skogbruk: medfører hjortebestanden tap for skogbruksnæringa?
5. Biologisk mangfald: medfører hjortebestanden skade på sårbare artar og naturmangfald?
6. Hjortepåkørsler: Kva er status m.o.t. hjortepåkørsler

Om kommunen sitt handlingsrom ved utforming av forskrift vert m.a. følgjande sagt:

“Forskriftshjemmelen i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a er avgrenset til å åpne for bruk av termiske siktemidler. Åpning for bruk gjelder hele kommunen, selv om skadesituasjonen eventuelt er begrenset til deler av kommunen. Kommunen har ikke hjemmel i utøvelsesforskriften for å pålegge ytterlige supplerende føringer for bruken av slike siktemidler, for eksempel til å åpne for

bruk i deler av kommunen, tidsavgrensning til bruk eller til hvilke kjønns- og alderskategorier som kan felles med termisk”.

Vurdering:

Stryn kommune sin gjeldande forvaltningsplan for hjort, gjeld for perioden 2022-2030. I denne planen er den overordna målsettinga å redusere hjortestamma (sjå vedlegg). Vi meiner at forvaltningsplanen svarar ut landbruksdirektoratets rettleiar, der ein skal vurdere skade.

1. Bestandstettleik: Er hjortebestanden høg og/eller aukande?

Det er framleis ein høg hjortebestand i Stryn. Vi har truleg klart å redusere bestanden, men vi er endå ikkje kome ned på ønska bestandsstørrelse som er vedtatt i forvaltningsplanen.

2. Bestandsmessige tilhøve: Kva er status m.o.t. slaktevekter og kjønns- og alderssamansetjing?

Vi er endå ikkje i mål med auka slaktevekter og jamnare kjønns- og aldersfordeling.

3. Jordbruk: medfører hjortebestanden tap for jordbruksnæringa?

Hjorten medfører tap for jordbruksnæringa. Både grasproduksjon og frukt/bær produksjon.

4. Skogbruk: medfører hjortebestanden tap for skogbruksnæringa?

Hjorten gjer skade på skog, og medfører tap for skogeigar. Både i foryngelse og produksjonsskog.

5. Biologisk mangfald: medfører hjortebestanden skade på sårbare artar og naturmangfald?

Det er stor sjanse for at hjort gjer skade på sårbare artar og naturmangfald enkelte plassar.

6. Hjortepåkøysler: Kva er status m.o.t. hjortepåkøysler

Det blir påkøyrte hjort i Stryn kommune kvart år. Gjennomsnittet for siste fem åra er 36 påkøysler (2020-2025, hjorteviltregisteret).

Termisk kikkertsikte har blitt vanleg å bruke på hjortejakt, og er eit godt «verktøy» å nytte for å nå kommunale mål i hjorteforvaltninga. I Stryn er vi avhengige av jakt på innmark for å oppnå høg nok avskyting, og då er termisk kikkert til stor hjelp, då ein ikkje er avhengig av gode ljøsforhold.

Utdrag frå uttale frå Stryn hjorteutval:

«Bruk av termisk kikkertsikte ved utøving av hjortejakt har, ved praktisk bruk vist at bruken medfører

meir human og sikrare jaktutøving, samt betre forvaltning av hjortestammen».

Utdrag frå uttala frå Stryn ettersøkslag:

«Utviklinga dei siste åra viser ein markant reduksjon i behovet for jaktettersøk samtidig som bruken av termiske siktemiddel har auka. Våre praktiske erfaringar tilseier også at teknologien bidreg til betre skotplassering, gir verdifull informasjon dersom eit ettersøk likevel vert nødvendig, og kan gi jegeren betre føresetnader for å vurdere tryggleiken i skotsituasjonen.

Sett frå eit ettersøksfagleg perspektiv meiner vi difor at bruk av termiske siktemiddel kan vere eit viktig bidrag til både betre dyrevelferd og tryggare jaktutøving».

Den overordna forvaltningsplanen svarer ut landbruksdirektoratet sine punkt som skal vurderast i saka. I planen er bestandstettleik, kondisjon, beiteskadar på skog og innmark, samt skader på biologisk mangfald vurdert. Kommunen vurderar måloppnåing av bestandsplanar fortløpande, og vi er framleis ikkje ned på vedtatt bestandsmål. Termiske kikkertsikte gjer at vi har ein moglegheit til å oppnå kommunale målsettingar, og bidreg til human og sikker jakt.

Administrasjonen meiner at den kommunale forvaltningsplanen for hjort og evaluering av bestandsplanar gjev grunnlag for å opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel. Det er naturleg at grunnlaget for forskrifta vert vurdert på nytt i samband med utarbeiding av ny forvaltningsplan som vil vere i 2030.

Det er framleis ein dag igjen av høyringsperioden. Om det skal kome inn høyringsinnspel siste dag, vil innspelet, samt vurdering lagt ved saka i ettertid.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Stryn kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Stryn kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 10.9.2026.

Utval for samfunnsutvikling 27.08.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

USA- 040/26 Vedtak:

Stryn kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Stryn kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Stryn kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 10.9.2026.

Formannskapet 03.09.2026:

Handsaming:

Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 109/26 Vedtak:

Stryn kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Stryn kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Stryn kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 10.9.2026.

Kommunestyret 10.09.2026:

Handsaming:

Endring av ordlyd i §1, foreslått av Vidar Stavik, Kristeleg Folkeparti

Endring av ordlyd i §1: Byte ut "ope terreng" med innmark.

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegg frå representanten Vidar Stavik (Krf) *Endring av ordlyd i §1: Byte ut "ope terreng" med innmark.*

framlegget fekk 2 røyster og fall.

KS- 067/26 Vedtak:

Stryn kommune fastset med heimel i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a., følgjande:

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Stryn kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Stryn kommune.

Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel, ved felling av hjort, i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Denne forskrifta trer i kraft 10.9.2026.